



Mo kyrkje



Skafså kyrkje



Eidsborg stavkyrkje



Høydalsmo kyrkje



Lårdal kyrkje

*Kyrkjelydsblad for Tokke prestegjeld  
Nr. 2-2010- Årgang 24*

KYRKJELYDEN



**Den kulturelle skulesekken**

Tysdag 8. juni var andreklassingane i kommunen på kyrkjebesøk i samaband med skulen sitt program "Den kulturelle skulesekken". Fyrst var dei i Skafså kyrkje, der soknepresten fortalte om kyrkja med m.a. døypefonten, altaret og prestekleda. Så var det film i grendehuset om gapestokken ved Gunstein Seltveit, og matpause og lek. Så gjekk turen til stavkyrkja i Eidsborg, der Dag Rorgemoen fortalte om kyrkja og historia hennar. Ein tur på kyrkjegarden var det også tid til, og det var også spennande.

# God sommar

I kalenderen er året omme den 31.12., men i mange samanhengar er det vel så naturleg å rekne året frå sommar til sommar. "Arbeidsår" kallar ein det gjerne. Også i kyrkja kan vi seie at eit arbeidsår ligg bak oss no. Då skal de ha takk for innsatsen, alle de som er med i arbeidet, i staben, i sokneråda og i dei mange oppgåvene i kyrkjelivet. Og likeeins takk alle som har kome til gudstenestene, og til konfirmantane våre for eit fint år.

Kyrkja tek ikkje ferie. Graset blir slege, gravferder kjem, og gudstenestene går sin gang. Men mykje av aktiviteten tek pause om sommaren, og gudstenestelivet får eit anna preg. Den ljose, varme årstid er tid for friluftaktivitetar. Stemnet på Fjellkyrkja vil vere over når dette vert lese, men så blir det kyrkjegardsvandring i Skafså, friluftsgudstenester på Midjås og i Krossdalen, og stemne på Grimdalen. Og med tanke på borna vil vi særleg minne om 8. august, då det er gudsteneste for store og små i Eidsborg stavkyrkje og familiedag på muséet. Alle desse arrangementa byr på gode opplevingar og høve til sosialt samvær. Og blir det fint vêr og har vi krefter og overskudd, får vi kanskje til ein sommarandakt på Rui eller ein annan stad.

Sommar er ferietid. Det skal bli godt for nokon kvar å få ein ferie med kvile og rekreasjon og andre opplevingar enn dei vi har til vanleg. Vi kan trenge det før det nye arbeidsåret tek til. Og ikkje minst er det fint å vere mykje ute i naturen om sommaren. Der kan vi sjå kor vedunderleg vakkert det er, det som Gud har skapt, og det gjer oss takksame og glade. "Da bryter lovsang ifra sjelen ut: O store Gud, o store Gud!"

Men når vi gler oss over ferie og naturopplevingar, så gløymer vi ikkje alle dei som ikkje kan oppleve dette på grunn av sjukdom, alder eller andre ting. Ein særleg tanke går til dykk.

Med ynskje om ein god sommar for oss alle!

Helsing

Øyvind A. Jørgensen

**Redaktør: Øyvind A. Jørgensen**  
**Formgjeving: Ove Kjell Huvestad.**

**Gåver til "Kyrkjelyden"**  
**bankgirokonto 2685 07 06947**  
**Kyrkjekontoret i Tokke**  
**Tlf 350 77 188 Fax 350 77 052**

**Prost Øyvind A. Jørgensen**  
**Prestvikar Hallvard Nordbø Jørgensen**  
**Prostidiakon Eilev Erikstein**  
**Kyrkjeverje Ove Kjell Huvestad**  
**Organist Zbigniew Radziej**

**E-post:**  
**kyrkjekontoret@tokke.kommune.no**  
**prosten@tokke.kommune.no**  
**kyrkjeverja@tokke.kommune.no**  
**Postboks 94, 3886 DALEN**

**Kontoret er ope:**  
**Måndag - fredag - kl. 0900-14.00.**

**- mobil tlf. 995 16 348**  
**- mobil tlf. 959 22 984**  
**- mobil tlf. 911 13 580**  
**- mobil tlf. 908 77 188**  
**- mobil tlf. 412 71 930**

# Popkultur til glede – og til skade

Eg har på same tid ein sterk fascinasjon og ein sterk avsmak for moderne vestleg pop-musikk. Musikken som er ”in” blant born og unge i dag, er ofte fengjande, og mange låtskrivarar, produsentar og artistar er svært dyktige. Eg har stor glede av å lytte til mykje av denne musikken. Derimot har eg store innvendingar mot den forlokkande budskapet som ofte blir presentert i popmusikken: ”Kvar må få lov til å fylgje sine eigne lyster når som helst og kvar som helst.” I skrivande stund er det artisten Usher som tronar på toppen av musikklistene, med singelen OMG (forkorting for ”Oh my God/gosh”). Og kva syng han om? Jau, han såg ei dame på dansegolvet, og han vart med eitt forelska. For ho har nemleg ei skikkeleg fin rumpe og fine pupper, og er ”sexy from head to toes”, så Usher vil ”ha henne”.

Det kan vere interessant å stanse opp litt og gjennomføre eit tankeeksperiment. Usher teiknar opp ein situasjon der ein mann gjerne vil gå umiddelbart til sengs med ei dame han treff på dansegolvet. Kor stor sjanse er det eigentleg for at ein mann som lever på denne måten vil forbli trufast mot denne dama? Kva skjer neste gong mannen slengjer seg ut på dansegolvet og ser ei fin dame? Vil han vere i stand til å leve eit ueigennyttig liv til beste for andre når han på kveldstid er så oppteken av å utnytte kvinner til eiga tilfredsstilling? Vil han antaste damer i forsøk på å få dei til sengs dersom lysta blir for stor? Kva skjer dersom ei dame han ligg med, blir gravid? Vil barnet bli teke livet av? Om det får leve, vil det då vekse opp med foreldre som lever trufast i lag? Vil barnet få ein god, trygg og kjærleg heim?

Jo meir ein tenker på det, dess meir får ein auge på dei mindre tiltalande sidene ved den livsstilen som Usher anbefaler. Men sett i dette ljuset framstår Bibelens ord som betre, sunnare og sannare. For her blir det sagt: Vårt store livsmål skal ikkje vere umiddelbar behovstilfredsstilling til skade for andre menneske, men derimot etterfylgjing av Jesus, han som gav seg sjølv for oss. Som apostelen Paulus seier: ”Kvar og ein av oss skal tenkja på kva som er til beste for nesten, og gjera det som tener til oppbygging. For Kristus tenkte ikkje på seg sjølv.” Aller mest gjeld dette i forholdet mellom mann og kvinne. Når Bibelen set opp ekteskapet som ramma for seksuallivet og samlivet er det ikkje fordi Gud vil vere ”kjip” og livshemmande. Tvert om vert ekteskapet sett fram for å fremje eit godt, intimt og tillitsfullt liv mellom ektefellene, samt å leggje til rette for dei beste forholda for borna og samfunnet rundt. Difor er det ingen grunn til å vere flau over å stå for ein kristen levemåte og kristne verdiar i møte med ein moderne popkultur som kjem med ein ganske annan budskap.

## ”Det at eg vart ein kristen er det beste som har hendt meg”

Live Kollbotn er innom i barndomsheimen sin på Dalen nokre veker, før ho og nokre vener reiser vidare til Kenya, der dei er inviterte til bryllaupsfest. Eg får treffe henne ein ettermiddag til ein hyggeleg samtale om livet, trua og framtida.

Live fortel at Dalen var ein trygg og god stad å vekse opp på. Det var mange aktivitetar å vere med på. Live deltok på speidaren og fotballaget, spela trombone i korpset, og song i ”Tusen stjerner”.

Skulen hadde ho heller ingenting imot. ”Eg elska skulen og gledde meg til å kome dit om morgonen. Det har nok mykje å gjere med at eg er sosial og glad i å vere blant folk.” Sjølv om Live hadde det bra på Dalen som barn, stiller ho seg likevel tvilande til om ho kjem til å busetje seg der etter studietida. ”Eg tykkjer det er litt for lite og roleg der, litt for lite tilbod for folk på min



alder. Men det er godt å kome dit av og til og vere med familien og treffe gamle vener”. Etter ungdomsskulen flytta Live til Bø, fyrst på internat og seinare på hybel. ”Det var ei flott tid. Det var eit bra skulemiljø, og eg fekk anledning til å utfalde meg med leik og sport. Som fordjupningsfag på skulen valde eg volleyball.”

Då Live vaks opp, var ho ikkje ein vedkjennande kristen. Ho valde likevel å bli døypt og konfirmert då ho gjekk på ungdomsskulen. ”Eg tenkte vel som mange andre, at ’det er vel sikkert eitt eller anna der’”. Men sumaren før ho skulle byrje i 2. klasse på vidaregåande skule, skjedde det noko som skulle gjere eit djupt inntrykk. ”Eg var med på den kristne musikkfestivalen ’Skjærgårds’ ei veke. Der var det masse folk som song songar til Gud og heldt kristne talar. Det vart eit sjokk for meg. Men så opplevde eg også at det var mykje bra og fint som vart sagt i desse talane, og på slutten av veka vart eg jammen litt med og song lovsongar, eg også. Men mest av alt vart eg nysgjerrig på kva dette dreide seg om.”

På den vidaregåande skulen i Bø var det ei lita gruppe kristne ungdomar som samlast

jamleg. Live hadde litt kontakt med desse, og ho opplevde at dei var omsorgsfulle og velmeinande folk som tok trua si på alvor. Dei på si side bad for Live, om at ho måtte bli ein kristen. ”Eg traff på dei av og til, og då tulla eg litt med dei, og sa ’halleluja!’ med eit smil. Men etter at eg hadde vore på Skjærgårds tok eg meir kontakt med dei, og eg stilte dei mange spørsmål om den kristne trua.” Etter kvart som Live lærte meir, vart ho meir og meir inspirert, og ho opplevde at dette med kristendomen kjendest riktig. Samtidig opplevde ho det å bli ein kristen som ukjent og skummelt. ”Eg var usikker på om eg verkeleg visste kva eg gav meg ut på dersom eg overgav meg heilt til Gud”.

Det var på eit ungdomsmøte i Skien Live tok den endelege avgjerda. ”Eg kjente meg ’klar’ for å overgje meg til Gud, og eg ville be om forbøn slik at eg kunne gje til kjenne avgjerda mi. Men det var så vanskeleg, eg klarte ikkje å gjere det. Eg vart litt ifrå meg, og eg bad til Gud om at nokon måtte ta kontakt med meg for å be for meg. Då møtet var ferdig, kom det nokre bort til meg og spurte: ’Kan eg be for deg?’ Og dei bad for meg om akkurat dei tinga eg gjekk og tenkte på; at eg måtte få motet til å overgje meg til Gud og stå fram som ein kristen.”

Det vart ei livsendrande oppleving for Live, og ho er tydeleg rørt når ho fortel om det. ”Det at eg vart ein kristen er det beste som har hendt meg. Eg er så glad for det. I perioden etter at eg vart ein kristen var det som å vere nyforelska, det var ei god oppleving. Seinare har det gått opp og ned, og då har det vore godt å ha kristne vener som kan be for meg og gje meg svar på spørsmål som eg lurar på.”

Etter at Live vart ein kristen har også fleire ting i livet hennar forandra seg. ”Eg er meir medviten på val og verdiar, og tenker meir over kva eg set høgt i livet. Eg ser livet i eit anna perspektiv og er ikkje lenger så bekymra for småting, for eg veit at Gud er med meg. Og det er godt å kjenne at eg kan ha eit personleg forhold til Gud og at han kan fylle meg med kjærleik og glede når eg kjenner meg langt borte frå han.”

Dette skuleåret har Live teke eit årsstudium i musikk ved Høgskulen i Volda. Ho får teke i bruk sine musikalske evner i den kristne studentgruppa i Volda, ”VOKS”, der ho er med og syng og spelar piano. ”VOKS” samlast ein gong i veka for andakt, song og mat, og dette varme fellesskapet set Live stor pris på. ”Det er så godt med det kristne fellesskapet. I løpet av ei vanleg skuleveke blir det ikkje alltid så mykje snakk om Gud og kristendom. Men då er det godt å kople av med kristne vener på slutten av veka og snakke om kva vi har opplevd.”



Neste skuleår skal Live byrje på ein bachelorgrad i idrettsfag, slik at ho kan bli lærar, aller helst folkehøgskulelærar. Ho veit kva det yrket går ut på, for i 2008/2009 gjekk ho sjølv eit år på Høgtun folkehøgskule på Nordmøre. ”Det var fantastisk. Eg anbefaler alle å ta eit år på folkehøgskule. Eg gjekk på ei line som heitte ’Idrett H2O’, og vi dreiv mellom anna med telemarkkøyring, vind-surfing, bølgesurfing og vannski. Det var mykje fart og spenning, og mange av elevane vaks veldig på å gå der. Dei fann ut mykje om seg sjølv og fekk mange gode vener.”



Til slutt i intervjuet spør eg om Live har noko spesielt på hjarta som ho ynskjer å dele,

noko som ho brenn spesielt for. Ho dreg litt på det, men etter å ha tenkt seg om litt, så svarar ho: ”Eg ynskjer å leve eit aktivt liv. Livet har så mykje bra å by på, så mange personar ein ikkje har møtt. Det er trist med folk som trekker seg tilbake, det er viktig å bruke talent, både til beste for andre og for å utvikle seg sjølv. Difor vil eg gjerne jobbe med ungdom i framtida, spesielt dei som ikkje har det så bra. Eg ynskjer å vere med og gje dei meining i livet.”

HNJ

## TOKKE BEST I VEST-TELEMARK

I Tokke vart det samla inn heile kr 56 000 under Kirkens Nødhjelp-aksjonen i mars. I Eidsborg/Mo og Skafså sokn kom det inn kr 44 000, medan Høydalsmo/ Lårdal fekk inn kr 12 000.

Det skulle bli kr 56 000. Dette er eit resultat som nok ein gong gjer at Tokke er best i heile Vest-Telemark på Kirkens Nødhjelp-aksjonen. I år var det med ein ekstra god innsats frå konfirmantforeldre og sokneråd. Konfirmantane var nemleg på vinterleirskule den dagen aksjonen var.

Det er grunn til å takke alle som deltok. Anten dei gjekk med bøsser eller gav pengar.

# KONFIRMANTAR I HØYDALSMO OG LÅRDAL SOKN 2009-2010



Bak frå venstre:

Øyvind Olavson Bakken, Jon Mathias Foldøy Jørgensen og Edvin Kaldråstøyl.

Framme frå venstre:

Astrid Helene Olavsdotter Bakken, Gudny Anette Lofthus og prestevikar Hallvard Nordbø Jørgensen

---

## **GUNNAR R. ØVERLAND I DIAKONISTYRET**

Under årsmøtet for Diakonaten i Vest-Telemark i Kviteseid vart Gunnar R. Øverland valt inn i styret for Diakonaten for perioden 2010-12. Ellen Iris Lindvåg er Tokkes andre representant i styret. I styret elles er Oscar J. Garnes, prost Øyvind A. Jørgensen og presterepresentant er det Olav Jakob Tveit frå Fyresdal. Nye varafolk vart Else Metveit og Per Helge Seltveit, båe Fyresdal.

Styret si viktigaste oppgåve er å vera arbeidsgjevar for prostidiakonen.

# KONFIRMANTAR I EIDSBORG, 1



Bak frå venstre: Jan Vegard Seltveit Storåsli,  
Framme frå venstre: Sokneprest Øyvind A. Jørgensen, Anne May Slettetveit, Mari San

# MO OG SKAFSA SOKN 2009-2010



, Kjetil Nordbø, Terje Dahle og Vemund Romdal.

ndvik Seltveit, Emilie Brubakk, Inger Oline Kollbotn og prestevikar Hallvard N. Jørgensen

# Kristne før i tida – langt betre enn sitt rykte

Når kristne verdiar og oppfatningar vert teke fram i den offentlege debatten, kan ein stundom høyre utsegner av fylgjande art: ”Du kan ikkje meine noko slikt, vi lever jo i 2010!” eller ”Verda går framover, vi vil ikkje tilbake til middelalderen.” Slike utsegner har ofte kraft til å overtude, for dei appellerer til ei større ”forteljing” som mange av oss aksepterer utan spørsmål. Denne forteljinga går omtrent som fylgjier:

”Sidan opplysningstida på 1700-talet har den vestlege verda vore på stadig veg framover, mot meir fridom, meir toleranse, meir kunnskap, ein betre moral, eit betre liv. Opplysningstida har frigjort oss frå den mørke og intolerante middelalderen, då kristendomen og pavekyrkja dominerte. Opplysningstida gav oss den moderne naturvitskapen, som har avslørt det kristne livssynet som urealistisk og uvitskapleg, sjølv om det nok framleis kan gje personleg trøyst til dei naive og ulærde.”

Men nettopp på grunn av denne kollektive vestlege tenkemåten har det vekse fram ei lang rekke med historiske myter – det vil seie hendingar, oppfatningar o. l. som vi trur er sanne, men som ikkje er det. Når ein høyrer noko negativt bli sagt om kyrkja i middelalderen, tenker ein automatisk at det er sant. For ein ”veit” jo allereie at dei positive sidene ved vårt samfunn – moderne vitskap, toleranse, menneskeverd – er frukter av opplysningstida, ikkje av den mørke middelalderen. Det er både interessant og tankevekkjande å sjå på nokre konkrete døme på desse mytene.



I 2006 formana dåverande stortingspresident Thorbjørn Jagland muslimske miljø til å utvikle seg og endre syn i ein del kontroversielle saker. For som han sa: ”Hvordan hadde det gått med kristendommen hvis den fortsatt lærte at jorden er flat? På grunn av kritisk tenkning måtte imidlertid kirken endre sitt verdensbilde, og kristendommen overlevde som moralsk og religiøs kraft.” (Aftenposten 17. febr. 2006). Mange vil nok samstemme i Jaglands analyse. Men sanninga er heilt annleis. For nær sagt alle lærde i middelalderen visste godt at jorda var rund, det hadde vore allment kjent heilt frå antikken. Myten om at folk i middelalderen trudde at jorda var flat, stammar derimot frå ein amerikansk biografi om Cristopher Columbus frå 1828.

Mange trur vidare at kristne bruka Bibelen, og særleg Det gamle testamente, som naturvitenskapleg lærebok i middelalderen. Dei som utvikla sjølvstendig naturvitenskapleg forskning, seiast det, vart derimot forfylgde, torturerte og i verste fall drepne av kyrkja. Men som i det førre tilfellet er sanninga heilt annleis. Kyrkja stod tvert om for brei utdanning i dei såkalla ”artes liberales”, det vil seie fag som grammatikk, astronomi, geometri, musikk o.s.b. Og dei leiande teologane i kyrkja var tydelege på at naturvitenskapen måtte få drive forskning i sitt eige domene, med sine eigne metodar, utan at kyrkja skulle påverke eller avvise konklusjonane som vart trekte.

Faktisk har fleire historikarar peika på at vi har det kristne livssynet å takke for framveksten av den moderne naturvitenskapen. Ikkje berre fordi dei fleste av dei leiande vitkapsfolka i denne utviklinga – som Grosseteste, Bacon, Kopernikus og Newton – sjølve var personleg kristne. Men også fordi kristendomen opererte med ei tru på ein fornuftig og personleg Gud som har skapt eit ikkje-guddomeleg og rasjonelt ordna univers. Og nett opp dette livssynet gav avgjerande og motiverande impulsar for utforskning av naturen, leiting etter såkalla naturlover o.s.b. Sett i dette perspektivet er det slett ikkje tilfeldig at det nettopp var i det kristne vesten naturvitenskapen skaut fart.

Men dermed kan ein også lett avlive myten om at kyrkje og vitenskap har vore i konflikt opp gjennom middelalderen. Det er nemleg historisk sett minimalt med døme på slike konflikhtar. To personar vert som regel nemnt i denne samanhengen, nemleg Giordano Bruno og Galileo Galilei. Var kanskje ikkje dei ”martyrar” for sine naturvitenskaplege funn? Svaret er nei. Bruno vart rett nok brent på eit bål i 1600. Men han var ikkje nokon særleg vitkapsmann, derimot vart han brent fordi han stod for okkultisme og magi, og kanskje fordi han vart mistenkt for å stå i farlege politiske alliansar.

Galilei-saka er meir komplisert. Han meinte at Kopernikus hadde rett: Jorda går verkeleg rundt sola, ikkje omvendt. Men grunnen til at han av kyrkja vart idømt mild og herskapeleg husarrest, og sidan vart forvist til heimgarden sin i Firenze, var ikkje dette standpunktet i og for seg. Han hadde fridom til å stå fram med sine teoriar så lenge han ikkje påstod at dei var prova eller nødvendigvis var sanne. Ein av hovudgrunnane til at Galilei likevel vart dømt, hadde mykje å gjere med at han offentleg inntok ein arrogant, overlegen og nedlatande tone i møte med ein pave som også var hobbyastronom – og som stod for eit anna syn enn Galilei.

Slik som dette kunne ein halde på mykje lengre, og teke opp korstoga, inkvisisjonen, heksebrenningar osv. Ofte er sanninga om desse historiske tema ganske annleis enn det folk trur. Dette bør mane til ettertanke og ein viss porsjon skepsis neste gong ein høyrer nokon talar om ”den mørke middelalderen” og ”den ljose opplysningstida”.

HNJ

*(Litteratur: Bjørn Are Davidsen: ”Da jorden ble flat”, Luther Forlag 2010. David Bentley Hart: ”Atheist delusions”, Yale 2009).*

# Vest-Telemark Rådet på pilegrimsvandring til Røldal

Det er aukande interesse for pilegrimsvandringane frå Vest-Telemark til Røldal. Sommarens pilegrimsvandring er mest fullteikna, og eldsjeler nymerkar i desse dagar vegen frå Seljord til Røldal.

Ein tidleg junidag vandra Vest-Telemark Rådet ein bit av pilegrimsvegen, frå Svandalsflona til kyrkja og krusifikset. Under entusiastisk leiing av leiaren for ”Pilegrimsvegen til Røldal”, Ragnvald Christenson frå Vinje, fekk ordførarar og rådmenn ein liten smak av pilegrimslivet.

Regionordførar for Vest-Telemark, Anne Nora Oma Dahle, uttrykte stor takksemnd og glede over samarbeidet om pilegrimsvegen. ”Her har ein funne ein unik kombinasjon mellom historielag, sokneråd, kyrkja elles og laget for Pilegrimsvegen. Dette er vel verdt å ta godt vare på,” meinte rådsordføraren, som til dagleg er ordførar i Nissedal kommune.

Elles var Telemark fylke representert ved varaordførar Lars Bjaadal, og frå Agder og Telemark Bispedømme deltok Bjarne Nordhagen. Sjukepleiestudent Siri Seltveit, som hadde praksis ved prostidiakonatotet, var også med på turen.

EE



*Bak f.v. Bjarne Nordhagen, Sverre Sæter, Per Dehli, Siri Seltveit og Kjell Gunnar Heggnes.  
I midten f.v. Torstein Tveito, Svein Gjørøv, Eilev Erikstein, Lars Bjaadal, Olav Urbø, Hans Bakke og  
Haldor Kaasin.*

*Framme f.v. Solveig Sundbø Abrahamsen, Margit Gjørøv og Anne-Nora Oma Dahle.*

KYRKJELYDEN 2/2010

# Diakoniprisen 2010

Diakoniprisen vart delt ut i Kviteseid 11. april, ved 25-årsjubiléet for prostidiakonatot. Prisen dette året gjekk til Else Ibrekk, som er fødd og oppvaksen i Skafså og som no bur i Vrådal.

Else er ei eldsjel for praktisk diakoniarbeid. I grunngevinga for diakoniprisen står m.a.: Else Ibrekk har gjort ein stor, friviljug innsats gjennom mange år med besøksteneste, baking, deltaking i og organisering av diakonisamlingar m.m. Ho utfører arbeidet på ein fin, trygg og dyktig måte. Saman med Hanne Roholdt tek ho med heimebaka, fersk kake og reiser på besøk til eldre menneske som bur aleine i Vrådal. Dei besøkjer også vrå-

dølar som bur på Kviteseid Omsorgssenter eller Midtsundtoppen aldersbustader i Kviteseid. Gjennomsnittleg ein gong i veka eller meir, året rundt, er dei på farten. "Ein blir så glad og takksam av å besøke dei eldre!" seier Else. Og dei eldre set umåteleg pris på besøka, og jolekaka er svært populær.



*Biskop Olav Skjevesland var med på diakonijubiléet, og ynskte Else Ibrekk til lukke med diakoniprisen.*

## Else si besøks-jolekake

1 liter kveitemjøl  
150 gram smør  
4 dl H-mjøl  
1,75 dl farin  
50 gram gjær  
1 ts. kardemomme  
Litt bakepulver eller hornsalt  
(om lag ½ ts.)

Lag deig, set han til heving i 1 time.  
Køyr deigen ein omgang i eltemaskina.  
Putt oppi godt med rosiner.  
Set deigen til heving 1 time til.  
Bak ut i runde kaker.  
Etterhevast i 1 time.  
Steik kakene ved vel 200 grader i ½ time.  
Kaka kan frysast.

## Nokon går, nokon kjem



**Hallvard Nordbø Jørgensen** (26) har vore prestevikar i Tokke det siste året. Då det var vanskeleg å få nokon i soknepreststillinga i Høydalsmo og Lårdal før no, har det vore til stor hjelp å ha Hallvard her. Han skal ha hjarteleg takk for innsatsen, med engasjerande preiker og fin song, og for det han har gjort i gravferder, konfirmantundervisning og anna. No skal han ta pedagogisk seminar for å kunne nytte presteutdanninga i undervisning. Vi ynskjer han lukke til vidare. Sjølv om tida her snart er over, vonar vi han vil

ta ei vikargudsteneste ein gong imellom.

Hallvard sluttar den 18. juli, og har dei siste gudstenestene sine her den 11. juli, kl. 11 i Lårdal og kl. 19 i Skafså. Sokneråda vil då nytte høvet til å takke han for tida her.



Frå 1. juli tek **Jarle Bryne** (31) til i stillinga som sokneprest i Høydalsmo og Lårdal. Han har vore vikar i denne stillinga før, og mange kjenner han frå den tida, men no har han fullført presteutdanninga si og er fast tilsett. Han og kona Celine og vesle Edith Oliva tek sikte på å flytte inn i prestebustaden i Lårdal omkring månaskiftet juli-august.

Dei fyrste vekene vil Jarle vere ferievikar i Seljord og prostiet elles, men frå 9. august vil han vere i gong for fullt i Tokke. Vi ser fram til å få Jarle på plass i stillinga, og ynskjer han og familien hans hjarteleg velkomne til Lårdal og til Tokke.

Innsetting av Jarle i tenesta blir i Lårdal kyrkje 29. aug. kl. 17. Dette blir ei felles markering for baa sokna, og det blir då kyrkjekaffi i grendehuset etter gudstenesta. Vi vonar mange vil møte fram for å ta imot Jarle.

ØAJ

## Båreteppa i Mo, Eidsborg og Skafså kyrkjer

Ein høyrer og les så ofte om lag og oranisasjonar som skjenkar gåver til diverse føremål. Vedkomande dei svarte båreteppa i desse kyrkjene har eg ikkje høyrst og sett skrivi om nokon stad. Det er rektignok mange år siden, frå 65-70-talet, men likevel kan dette verta nemnt.

Båreteppa i Mo og Eidsborg kyrkjer er gjeve av Mo og Dalen Kvinnegruppe av DNA, og i Skafså er det gjeve av Skafså Arbeiderlags Kvinnegruppe.

Desse teppa er framleis i bruk, og får tru at dei endå ei stund har sin funksjon. Dette til orientering.

Halldis (Lalla) Frantzen Heimdal

## SLEKTERS GANG

### DØYPT

#### Skafså

Milla Falck Kollberg  
Karin Elise Karlsen

#### Mo

Rannei Vinjerui  
Vemund Mostøyl

#### Tokke kulturhus

Inger Oline Kollbotn  
Mari Sandvik Seltveit  
Jon Sandvik Seltveit

#### Lårdal

Kristine Neverdalen Brateng



### VIGDE

#### Skafsåheii fjellkyrkje

Ellen Kristine Eimind Jensen  
(f. Time Eimind) og Mikal Jensen

### DØDE

#### Skafså

Torstein Georg Karlsen

#### Mo

Marie Langelid  
Tone Lofthus

#### Eidsborg

Signe Taraldlien  
Arvid Edgar Lillegård

#### Høydalsmo

Liv Ofte  
Gudrun Nygård  
John G. Sandvik



### Kyrkjegardsvandring m.m.

**Sundag 11. juli** er det kyrkjegardsvandring på Skafså kyrkjegard kl.18. Seks personar frå lokalmiljøet vil fortelje om kvar sin av dei som er gravlagde på kyrkjegarden. Kl.19 er det gudsteneste, og etterpå serverer Historielaget graut. Er det fint vêr, blir det måltid ute, er det regn, blir det inne i grendehuset.

## GUDSTENESTER I TOKKE

### JULI – OKTOBER 2010

*Laurdag 26. juni*

#### Eidsborg stavkyrkje kl. 11

Pilegrimsgudsteneste  
Hallvard Nordbø Jørgensen  
Gudstenesta er open for alle  
Kyrkjekaffi

*Sundag 27. juni – 5.s.e. pinse*

#### Høydalsmo kyrkje kl. 11

Hallvard Nordbø Jørgensen

*Sundag 4. juli – Aposteldagen*

#### Mo kyrkje kl. 11

Hallvard Nordbø Jørgensen  
Dåp

*Sundag 11. juli – 7.s.e. pinse*

#### Lårdal kyrkje kl. 11

Hallvard Nordbø Jørgensen

#### Skafså kyrkjegard kl. 18

Kyrkjegardsvandring v/historielaget

#### Skafså kyrkje kl. 19

Hallvard Nordbø Jørgensen  
Grautservering etter gudstenesta

*Sundag 18. juli – Ikkje gudsteneste i Tokke*

*Sundag 25. juli – 9.s.e. pinse*

#### Høydalsmo kyrkje kl. 11

Øyvind Jørgensen

#### Vadder Nordre, Midjås kl. 17

Friluftsgudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Ta med stol - Kyrkjekaffi

*Torsdag 29. juli – Olsok*

#### Eidsborg stavkyrkje kl. 19

Øyvind Jørgensen

*Sundag 1. august – 10.s.e. pinse*

#### Grimdalstunet kl. 12

Friluftsgudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Joachim Grimstvedt – fiolin

## INFORMASJON

Returadresse:  
KYRKJELYDEN  
Postboks 94  
3886 DALEN

*Sundag 8. august – 11.s.e. pinse*

**Eidsborg stavkyrkje kl. 11**

Familiegudsteneste  
Øyvind Jørgensen

*Sundag 15. august – 12.s.e. pinse*

**Mo kyrkje kl. 11**

Øyvind Jørgensen

*Sundag 22. august – 13.s.e. pinse*

**Skafså kyrkje kl. 11**

Jarle Bryne

**Krossdalen kl. 11**

Friluftsgudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Ta med stol og mat

*Sundag 29. august – 14.s.e. pinse*

**Lårdal kyrkje kl. 17**

Innsettingsgudsteneste for  
Jarle Bryne  
Velkomstfest for familien Bryne på  
grendehuset etter gudstenesta

*Fredag 3. september*

**Skafsåheii fjellkyrkje kl. 19**

Johnny Cash-kveld  
Enkel servering

*Sundag 5. september – 15.s.e. pinse*

**Høydalsmo kyrkje kl. 11**

Jarle Bryne

**Mo kyrkje kl. 18**

Jarle Bryne

*Sundag 12. sept. – Ikkje gudsteneste i Tokke*

*Sundag 19. september – 17.s.e. pinse*

**Lårdal kyrkje kl. 11**

Jarle Bryne  
Konfirmantjubileum for  
Høydalsmo og Lårdal sokn

**Tokke Kulturhus kl. 16.30**

Familiegudsteneste  
Øyvind Jørgensen

*Sundag 26. september – 18.s.e. pinse*

**Mo kyrkje kl. 11**

Jarle Bryne

*Laurdag 2. oktober*

**Skafsåheii fjellkyrkje kl. 19**

Gladsongkveld  
Enkel servering

*Sundag 3. oktober – 19.s.e. pinse*

**Skafså kyrkje kl. 11**

Konfirmantjubileum for  
Eidsborg, Mo og Skafså sokn

**Høydalsmo kyrkje kl. 18**

Jarle Bryne

*Sundag 10. oktober – 20.s.e. pinse*

**Skafsåheii fjellkyrkje kl. 11**

Jarle Bryne

**Eidsborg stavkyrkje kl. 18**

Jarle Bryne

### Johnny Cash i Fjellkyrkja

Fredag 3.sept. kl. 19 er det eit song- og musikkprogram ved Sindre Løvik frå Nissedal og Jan Gunnar Haugen frå Kviteseid, opprinneleg frå Austheii. Sindre syng, og båe spelar gitar. Tema er songane og budskapen til Johnny Cash. Enkel servering.

### ”Gladsongkveld” i Fjellkyrkja

Ein av dei trufaste venene av Fjellkyrkja, Helge Johannessen frå Randesund, har fleire gonger vore med og spela på saksofon. Laurdag den 2. okt. kl. 19 blir det musikkveld med han og fleire frå Kristiansandsområdet. Enkel servering.